



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Kåre Træen – 57 65 54 18
E-post
ktr@fmsf.no

Vår dato
21.01.2008
Dykkar dato
26.10.2007

Vår referanse
2008/359 - 330
Dykkar referanse

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Høyringsfråsegn til Sørheimutvalet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til rapport om "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" (Sørheimutvalet), jfr. brev av 26.10.07 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Kommunane har i dag ulike føresetnader for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet, og høvet til å drive utvikling av lokalsamfunnet varierer der etter. Inntektssystemet skal gi grunnlag for eit likeverdig tenestetilbod i alle deler av landet. Fylkesmannen meiner difor at endringar i inntektssystemet må ivareta dette hovudføremålet.

Fråsegna er inndelt etter utvalet sitt mandat og tilrådingar.

Skattedelen av kommunane sine inntekter

Skatteinntektene skal utgjere ein del av finansieringa av kommunesektoren. Fylkesmannen meiner at skattedelen bør haldast på same nivå som i noverande inntektssystem, og ikkje aukast. Skattedelen varierer mykje mellom kommunane. Vert den auka, fører det til større ulikskap og dårlegare høve til å gi eit likeverdig tenestetilbod.

Nivå på og utforming av inntektsutjamninga

Fleirtalet i utvalet tilrår å auke den symmetriske utjamninga frå 55 til 60 %. For å oppnå målsetjinga om eit likeverdig tenestetilbod, meiner vi at utjamninga bør vere på 75 %. Tilleggskompensasjonen for kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet blir sett til 20 %. Dette er ein reduksjon frå noverande 35 %, og må sjåast i samanheng med vårt forslag på auke i den symmetriske delen.

Selskapsskatten som kommunal skatt

Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld storleiken på selskapsskatten pr innbyggjar. Dette gjer det vanskeleg å nå målet om eit likeverdig tenestetilbod i alle kommunane i landet. Slik skatt kan variere mykje frå eitt år til eit anna. Fylkesmannen støttar at selskapsskatten vert fjerna som kommunal inntekt.

Kommunane vert kompensert for bortfall av selskapsskatten ved at kommunane sin del av skatt frå alminneleg inntekt og formue vert auka. Det er negativt at kommunane ikkje får innsyn i skattegrunnlaget. Selskapsskatten bidreg dessutan ikkje til å fremje interkommunalt samarbeid. Det er og tvilsamt om selskapsskatt til kommunane vil bety auka prioritering av kommunane sitt arbeid med næringsutvikling.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjelivegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Regionalpolitisk grunngeivne tilskot innanfor inntektssystemet

Fylkesmannen er samd i utvalet si tilråding om dette tilskotet. Slik som utvalet har omtalt Nord-Noreg, har og Sogn og Fjordane tilsvarande utfordringar som det må takast omsyn til. Særleg gjeld dette dei minste kommunane. Eit inntektssystem må ivareta kommunar med særskilte utfordringar, som m.a. fråflytting og svakt skattegrunnlag. Dei må ha same høvet til å utvikle tenestetilbodet sitt, tilsvarande som kommunar i sentrale strok. Dersom ikkje inntektssystemet fangar det opp, bør skjønsmidlane aukast. Slik det no er lagt opp, vil mindre kommunar (under 3000 innbyggjarar) kunne bli taparar.

Eige tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar

Fylkesmannen støttar utvalet sine tiltak som er knytt til dei utfordringar som fråflyttingskommunar står framføre. Vi støttar og at det er særskilte tiltak for kommunar med ekstrem vekst. Finansieringa må ligge i eit samla inntektssystem, og ikkje berre frå skjønsmidlane.

Storleiken på skjønssramma innanfor inntektssystemet

Fylkesmannen er usamd med utvalet når det gjeld storleiken på skjønstilskotet. Det er vanskeleg å konstruere eit inntektssystem som tek omsyn til alle tilhøve som påverkar inntekter og utgifter. Inntektssystemet bør difor ha midlar som tek omsyn til dette, og som vert tildelt etter informasjon frå regionalt statleg nivå.

Oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga

Det er viktig at kommunane har mest mogleg føreseielege inntekter. Oppdaterte folketal i budsjettåret kan gi store endringar i kommunane sitt rammetilskot (innbyggjartilskot og utgiftsutjamning), og som det er økonomisk vanskeleg å sette i samanheng med den faktiske årsaka til endringa. Bruk av folketal pr 01.07 året før, gjer det meir føreseieleg for kommunar med reduksjon i folketalet. Det bør vurderast særskilt om dette tidspunktet har uheldige verknader for typiske skulesentra.

Overgangsordningar i inntektssystemet

Det er viktig med overgangsordningar som tek omsyn til store utslag ved endringar i inntektssystemet. Fylkesmannen støttar at ingen kommunar skal få redusert rammetilskotet meir enn kr 300 pr innbyggjar i høve til gjennomsnittet for eitt år til eit anna.

Andre tilhøve

Sørheimutvalet si innstilling må verte sett i samanheng med endring av kostnadsnøklane som vert nytta i utgiftsutjamninga, jf. Borge-utvalet. Framlegget til Borge-utvalet inneber eit godt grunnlag, men barnehagenøkkelen må endrast og kommunale vegar må inn som kriterium. Framlegg til nye kostnadsnøklar for fylkeskommunane var derimot lite gjennomarbeidd.

I det vidare arbeidet med inntektssystemet bør ein særleg vurdere situasjonen i kommunar med spreidd busetnad, lågt folketal og vanskelege kommunikasjonar. Mange av kystkommunane i Sogn og Fjordane har ein slik struktur.

Det bør vurderast om spreiddbygd-kriteria i utgiftsutjamninga bør verte vekta opp i høve tilrådinga frå Borge-utvalet.

Med helsing



Oddvar Flæte



Kåre Træen
rådgjevar

Vedlegg:

Kopi til

Kopi pr. e-post: KS Sogn og Fjordane, kssof@ks.no

Leiar i KS Sogn og Fjordane, olav.lunden@leikanger.kommune.no

Leiar i rådmannsutvalet i Sogn og Fjordane,
vidar.roseth@balestrand.kommune.no
